



Når driftsmidlane sviktar

Forfatter

Marit Heier Lajord, Advokatfirmaet Lund & Co DA

Sammendrag

Kraftfôret, traktoren, rundballepressa og golvsystemet er alle døme på driftsmidlar som ikkje alltid verkar slik dei skal. Dersom feilen skuldast ein kjøpsrettsleg mangel, kan ein ha krav på erstatning frå seljar eller produsent. Med utgangspunkt i den nyleg avslutta sauegolv-saka, vil vi her peike på nokre av vilkåra for å få oppfylt slike krav.

Publisert

2018

Referanse

Sau og Geit 6/2018

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Når driftsmidlane sviktar

Kraftfôret, traktoren, rundballepressa og golvsystemet er alle døme på driftsmidlar som ikkje alltid verkar slik dei skal. Dersom feilen skuldast ein kjøpsrettsleg mangel, kan ein ha krav på erstatning frå seljar eller produsent. Med utgangspunkt i den nyleg avslutta sauegolv-saka, vil vi her peike på nokre av vilkåra for å få oppfylt slike krav.

Tekst: Marit Heier Lajord, advokatfullmektig i Advokatfirmaet Lund & Co DA

Sauegolv-saka gjaldt kollapsen av fleire nyare systemgolv i 2015 og 2016. Systemgolva er samansett av plast- og/eller strekkmetailrister og fagverksdragarar som ristene kviler på. Moglegheitene for storbingedrift og god drenering ned i gjødselkjellaren, har vorte rekna som føremonar med systemgolva.

Ein av dei råka var Kato Sinnes, som opplevde at fleire av fagverksdragarane som skulle halde oppe golvristene brakk, og at store delar av golvet kollapsa ned i gjødselkjellaren og tok med seg 90 sauer. Gjensidige Forsikring hadde betalt for utbetringar av golvet på forskot og Sinnes hadde deretter overført erstatningskrava sine til forsikringsselskapet. Derfor var det Gjensidige Forsikring som gjekk til sak mot produsenten, Reime Agri og seljaren, A-K Maskiner med krav om erstatning for mellom anna tapet av dyr, mellombels sikring og kostnadane ved utskifting av golvet. Tingretten påla produsenten erstatningsansvar som så anka over dommen, men før handsaming i lagmannsretten inngjekk partane forlik og no har også dei andre råka bøndene fått utbetalingar og er sikra utbetringar av dei sviktande golva.¹

Kjøp i næring

Kjøpet av systemgolvet var gjort i næring, og tingretten handsama derfor erstatningskravet etter reglane i kjøpslova av 1988. Tilsvarande vil gjennomgåande gjelde ved kjøp av reiskap og anna utstyr til gardsdrifta. Ved kjøp av til dømes stovemøblar eller vaskemaskin til våningshuset, opptrer gardbrukaren derimot som forbrukar og

kjøpet vil vera omfatta av forbrukarkjøpslova av 2002. Skilnaden mellom forbrukarkjøp og kjøp i næring er viktig å merke seg, ettersom forbrukarkjøpslova i hovudsak gjev kjøparen eit betre vern. Til dømes vil ein forbrukar i større utstrekning kunne krevje å byte inn tingen dersom den har ein mangel, forbrukaren har også lenger tid etter han overtok det kjøpte til å reklamere og kan få erstatning for fleire typar tap enn kjøparen i næring.

Forbrukarkjøp er kjøp frå ein seljar som «opptrer i næringsvirksomhet» til ein «fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet», jf. forbrukerkjøpsloven § 1. Ved kjøp til blanda føremål, til dømes ei trillebår som både skal nyttast i fjøset og i hagen, vil det avgjerande vera kva som er det «hovedsakelige» føremålet med kjøpet.²

Kravet om mangel

Ein føresetnad for krav etter kjøpslova, er at den aktuelle tingen har ein kjøpsrettsleg mangel, jf. kjøpslova § 30. Tingen er mangelfull dersom den til dømes ikkje er i «samsvar med de krav til art, mengde, kvalitet, andre egenskaper og innpakning som følger av avtalen» eller «ikke svarer til opplysninger som selgeren i sin markedsføring eller ellers har gitt om tingen, dens egenskaper eller bruk og som kan antas å ha innvirket på kjøpet», jf. kjøpslova §§ 17 og 18. I sauegolv-saka viste tingretten til bae føresegnene, og konkluderte med at det låg føre ein mangel, ettersom kollapsen skuldast «at det aktuelle gulvet og gulvsystemet ikke hadde tilstrekkelig bæreevne for den bruken og det formålet det ble kjøpt og solgt for, nemlig vanlig sauehold og fjøsdrift med flere og fleksible binger».³

Dersom mangelen skuldast «kjøperen eller forhold på hans side» har ein heller ikkje krav



Artikkelforfattar **Marit Heier Lajord** er advokatfullmektig i Lund & Co DA, og arbeider i hovudsak med utmarksspørsmål, naturressursar og kommunal- og forvaltningsrett.

etter kjøpslova, jf. § 30. I sauegolv-saka viste dei saksøkte til at kollapsen hadde skjedd under vaksining og at det slik hadde vore langt fleire sauer i ein binge enn elles, og at dette hadde «overbelastet et lite område av gulvet». Men retten avviste at dette hadde noko å seie, og peika på at det berre var drive «vanlig sauehold i fjøset».⁴ Dersom ein bonde derimot hadde vald å nytte det same golvet til storfehold, ville det truleg ikkje vore tale om ein kjøpsrettsleg mangel.

Reklamasjon

Systemgolvet til Sinnes vart kjøpt i 2011/2012, og då golvet kollapsa og det vart kravd erstatning i 2016, var den ordinære reklamasjonsfristen gått ut og utgangspunktet var soleis at det ikkje kunne krevjast erstatning for golvet. Grunnen til dette er at kjøparen etter kjøpslova § 32 som hovudregel ikkje kan gjere mangelen gjeldande, om han ikkje reklamerer «innen to år etter den dag da han overtok tingen». Til samanlikning er denne absolutte reklamasjonsfristen i forbrukarkjøp inntil fem år, jf. forbrukerkjøpslova § 27.

For å ikkje tape retten til erstatning, må kjøparen i tillegg reklamere innanfor den

¹ Avslutter sauegolv-saken, Nationen 4. september 2018

² jf. Ot.prp.nr.44 (2001–2002) Om lov om forbrukerkjøp (forbrukerkjøpsloven), s. 35.

relative reklamasjonsfristen, noko som inneber at kjøparen «*innen rimelig tid*» etter at mangelen vart eller burde vore oppdaga må gje «*selgeren melding som angir hva slags mangel det gjelder*». Kva som er innan rimeleg tid vil variere mellom anna etter kva ting som er kjøpt og kva sakkunnskap kjøparen har, men det er på det reine at det er strengare krav til kjøp i næring enn ved forbrukarkjøp.⁵

Aktløyse og garanti

Produsenten av systemgolva vart, i motsetning til seljaren, likevel pålagd erstatningsansvar sjølv om den absolutte reklamasjonsfristen var forsømd. Grunnen til dette er at det er gjeve unntak frå reklamasjonsreglane i tilfelle der det er «*opptrådt grovt aktløst*», jf. kjøpslova § 33. Grov aktløyse inneber klårt klanderverdig åtfærd og er eit strengt krav, men tingretten meinte det var «*grunnlag for sterk bebreidelse*» av produsenten og viste til at bruken av dei lange fagverksdragarane,

særskilt i kombinasjon med strekkmetallrister, medførte ein «*ikkje ubetydelig sannsynlighet for skadehendelser*» og den store «*skadeevnen ved gulvkollapsen*».⁶

Eit anna, ikkje heilt upraktisk, unntak frå den absolutte reklamasjonsfristen, er tilfelle der det er gjeve ein «*garanti*» eller leverandøren ved «*annen avtale har påtatt seg ansvar for mangler i lengre tid*», jf. kjøps-

lova § 32. Til dømes kan ein tenkje seg eit straumgjerde der produsenten lovar at straumgjerdet skal fungere i minst 10 norske sumrar. Men ved slike garantiar er det likevel viktig å hugse at den relative reklamasjonsfristen framleis gjeld, slik at kjøpar må reklamere innan rimeleg tid etter at han oppdaga mangelen, sjølv om det er lengje til garantien går ut.

³ Jæren tingrett, dom 29. november 2017 s. 7.

⁴ Jæren tingrett, dom 29. november 2017 s. 7.

⁵ Ot.prp.nr.80 (1986–1987) Om A Kjøpslov B Lov om samtykke til ratifikasjon av FN-konvensjonen om kontrakter for internasjonale løselekjøp, vedtatt 11. april 1980, s. 80

⁶ Jæren tingrett, dom 29. november 2017 s. 10-11.